


MONSTERMÅNAD

Skrive- og teikneoppgåver



Oppgåve 1: Monster på SFO

Ein dag kom det eit monster til SFO.
Fortel eller teikn kva som skjedde.
Kven er med i monsterhistoria?
Korleis kjem monsteret seg til SFO?
Kva gjer monsteret på SFO? Skjer
det noko skummelt?
Korleis løyste dette seg?
Korleis endar denne dagen med
monster på SFO?



Oppgåve 2: Monsteret mitt

Her skal du bruke fantasien. Teikn og
beskriv ditt eige monster. Bruk gjerne
monstersjekklista frå Reidar Kjelsen.
Kva heiter monsteret ditt?
Korleis ser det ut?
Kva er monsteret ditt flink til, og kva
likar det å gjere?
Er monsteret redd for noko? Er
monsteret ditt snilt eller skummelt?
Kva likar det å ete?

Nokre ekstra spørsmål til inspirasjon:

Korleis ser monsteret ut? Er det stort,
lite, har det vengjer, mange bein, eller
lang hale?
Kva gjer monsteret når det kjem inn på
SFO? Kjem det brølende inn, eller snik
det seg forsiktig inn for å leike?
Prøvar det å spele brettspel eller
byggje lego?
Korleis reagerer barna og dei vaksne?

Blir alle redde, eller synest nokon at
monsteret er spennande? Kanskje
nokon prøver å bli ven med det?
Blir det med på å måle, spele fotball
eller ete matpakke saman med dykk?
Kanskje det har ein helt eigen måte å
leike på?
Korleis endar dagen?
Drar monsteret tilbake dit det kom frå,
eller bestemmer det seg for å bli igjen
og bli ven med alle på SFO?




Bli ein ekte forfattar!

Send inn historia eller teikninga di frå oppgåve 1
og/eller 2 til sfo-tidforlesing@uis.no innan
5/12-24, og få forfattar- eller illustratørdiplom i
retur frå oss! Bidraget ditt kan bli trekt ut til å bli
med i SFO-boka på slutten av året.
Hugs å sende oss fullt namn, alder, klassetrinn,
pluss kva SFO du går på.

MONSTERMÅNED

Aktivitetar



Slepp laus ditt eige monster!

Sjå filmen frå Reidar Kjelsen (uis.no/sfo) og la barna på SFO designe sitt eige monster. Send gjerne inn teikningar til sftidforlesing@uis.no innan 5. desember 2024. Teikningane kan bli valde ut til å bli med i SFO-boka, og vi sender illustratørdiplom i retur. Hugs å inkludere fullt namn, alder, klassetrinn og namn på SFO.

Monstermat

- Aktivitet: La barna lage sine eigne monstermatrettar. Dei kan bruke frukt og grønsaker for å forme morosame ansikt eller monsterfigurar.
- Materiale: Frukt, grønsaker, brød, kremost og annan eteleg pynt.

Fysiske aktivitetar

Monsterjakt i naturen: Sjå på insekt i naturen – er det nokre insekt som liknar på monster når ein forstørrar dei?

Monstermasker: Barna kan lage sine eigne monstermasker. Dei kan bruke maskene til å leike monsterleikar eller dramatisere ei lita monsterhistorie.

- Materiale: Papp, farga papir, tusjar, lim, glitter og strikkar.

Monstermusikk: Barna kan lage sine eigne "monsterlydar" ved å lage musikk med instrument eller gjenstandar frå rommet. Kanskje dei kan lage ein montermarsj eller eit morosamt monterrime?

- Materiale: Instrument eller ting frå rommet (boksar, skeier, etc.).

Monsterhinderløype: Lag ei hinderløype der barna lèt som dei er monster. Dei kan krype, hoppe og balansere gjennom løypa medan dei lèt som dei er store, klossete monster ...

- Materiale: Stolar, tau, kjegler og anna utstyr.

Monsterdans: Spel musikk og la barna lage sin eigen "monsterdans". Dei kan danse som store, klossete monster eller små, sprettande skapningar. Kanskje kan dei òg lage ein dansekonkurranse eller danse med monstera dei har laga i kunstverka sine.

Monsterhus: La barna byggje huset til monsteret med ting dei finn i naturen. Kvar bur eit monster? Søv dei på granbar, kongler eller kanskje grasmadrass?


Engasjer barna!

Desse aktivitetane vil engasjere fantasien til barna, kreativitet og fysiske evner, samstundes som dei har det morosamt med monstertemaet!




MONSTERMÅNAD

Boktips



Tematiske boktips

La barna lese bøker relaterte til tema i november! Her er eit knippe bøker som passar for ulike aldrar. Les høgt for dei barna som ikkje sjølv kan lese!



Monsterbøker

- **Pling vaken** av Irene Ahnél og Elisabeth Moseng
- **Flyveboka: reisen til monsterøya** av Jakob Martin Strid
- **Redd** av Vegard Markus
- **Monsta – verdens søteste monster** av Dita Zipfel
- **Pøbler i pels og pysjamas** av Ingvild Bjerkeland
- **Snømonstrene** av Bjørn Ousland
- **Tacomonsteret** av Arne Svingen
- **Nattdyr** av Endre Lund Eriksen
- **Når alle sover** av Nicolay Houm
- **Monsterkokkene lager hai-te** av Wenche With
- **Otto Monster-bøkene** av Jon Ewo og Reidar Kjelsen
- **Jon Demon** av Reidar Kjelsen



Nasjonalt lesesenter
Universitetet i Stavanger